



Aage Vagleik Nyhammer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/836 - 14/7833

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

01.04.2014

## Vedk ferdigattest - gbnr 137/725 Alver

Viser til udatert brev med vedlegg motteke 14.02.2014.

Tidlegare tilknytning til den gamle bustaden pluss avtalen frå 2008 om eitt husvære til, vart godteke av kommunen som dokumentasjon på at godkjent avløp frå to bustader på gbnr 137/53 var sikra i samsvar med pbl 1985 § 66 nr 1.

Vidare vart det lagt fram brev om vegtilknytning («tilbod») frå BLM Boligutvikling av 10.10.2006 og aksept i brev av 28.10.2006 signert Aage Vagleik Nyhammer. Dette vart godteke som tilstrekkeleg dokumentasjon på at begge bustadane var sikra vegtilkomst etter pbl 1985 § 66 nr 2.

På grunnlag av ovannemnte dokument vart det gjeve løyve til riving av det gamle bustadhuset og oppføring av to bustadhus på gbnr 137/53 og deling av eigedom vart fullført i 2009, og gbnr 137/725 vart oppretta.

At inngåtte avtalar ikkje er oppfylte, er privatrettslege spørsmål som er kommunen uvedkommande og ikkje gjev grunnlag for oppheving av ferdigattest.

Vi har vore på plassen og observert mangelfull sikring mot fallulykker, som vi med dette gjer tiltakshavar merksam på med kopi av dette brevet. Vi vil tilskriva søkar og tiltakshavar med krav om retting.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Trym Hoff

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



**Mottakarar:**  
Aage Vagleik Nyhammer